

Høring av verneplan for skog

Forslag til vern av Nesfjellet naturreservat, Seljord kommune i Telemark



Grov osp med lungenever nord for Nestjønn. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Oktober 2024

Innhald	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang.....	4
5. Verneplanen sitt omfang.....	7
6. Faktaark.....	8
7. Framlegg til verneforskrift.....	12

Vedlegg: Vernekart er lagt ved høringa som eige vedlegg.

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til oppretting av Nesfjellet naturreservat i Seljord kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog. Tilbodet kom inn 28. april 2020 gjennom AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2020 som dokumenterer verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

Denne høyringa blir gjennomført etter at Miljødirektoratet har godkjent samanslåing av tilbodet for Nesfjellet og Bjønneholun. Bjønneholun kom inn som tilbod 4. juli 2019. Statsforvaltaren gjennomførte høyring av Bjønneholun i perioden 27. januar til 1. april 2022. Nesfjellet utgjer difor ein samanslåing av areal for båe område. Namnet Nesfjellet er valt fordi Språkrådet har oppmoda Statsforvaltaren om å bruke dette namnet sidan Bjønneholun blir liggande utanfor verneforslaget som no sendast på høyring.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «Evaluering av skogvernet i Norge», NINA rapport 54/2002, «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010 og «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs berekraftsmål 15](#) som har som mål å verna, gjenoppretta og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, nedkjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som

er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til området skjøtsel.”

4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for tilbudsområdet Nesfjellet vart meldt 13. desember 2023 med namnet *Nesfjellet*, og frist for fråsegner var 1. februar 2024. Statsforvaltaren melde oppstart på verneprosess for 11 områder i same brev. Nesfjellet skal inngå som del av tilbudsområdet Bjønnehøln, som har vore på høyring tidlegare. Årsaka til det er at Bjønnehøln vart teke ut av prosess etter ein prosess med Miljødirektoratet sumaren 2022. I samråd med Miljødirektoratet vart dei to områda vurdert opp mot kvarandre, og ein vart einig om grenser som fangar opp dei beste kvalitetane i baa område. Statsforvaltaren vart bede av Miljødirektoratet om å sende arealet i Nesfjellet på eigen høyring. Vi har lista opp alle som kom med uttale til oppstartsmeldinga for Nesfjellet. Det kom inn følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 19.12.2023) uttalar følgjande:

«Som høringsinstans for forslag til opprettelse av nye naturreservat, ønsker vi å gi noen generelle innspill til verneprosessen.

Grundige områdebeskrivelser

Av høringsdokumentene må det tydelig framkomme om og i tilfelle hvordan det aktuelle området nyttes i landbrukssammenheng. Dersom det er landbrukshensyn i området som ikke ivaretas i utkast til forskrift, ber vi om at det begrunnes i høringsdokumentene.

Typiske landbruksinteresser kan være (listen er ikke uttømmende):

- o Skogsbilvei som er nødvendig for skogbruk på bakenforliggende arealer*
- o Traktorvei i forbindelse med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*

o Reindrift

Utforming av verneforskrift

Dersom det går veier/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvalteren vurdere om det kan gis bestemmelser om merking, rydding og vedlikehold av disse. Det bør legges til rette for drift og vedlikehold av eventuelle støl-/seterområder og åpnes for andre tekniske tiltak som bidrar til en landbruksmessig utnyttelse av området. Dersom slike tiltak ikke er ønskelig innenfor verneområdet, må det gis en faglig begrunnelse for dette i høringsdokumentene.

Beitebruk vil være aktuelt i mange områder som foreslås vernet som naturreservat. Det bør derfor vurderes om forskriften kan åpne for dette. Hvis ikke, må det redegjøres for hvorfor i høringsdokumentene. Dersom det åpnes for beiting i området bør det også utarbeides bestemmelser for utsetting av saltsteiner og oppføring/vedlikehold av gjerder og sanketrøer.

For alle tiltakene over må det vurderes om det kan gis bestemmelser om motorferdsel i forbindelse med tiltakene. Det bør gis generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i forbindelse med uttransportering av syke og skadde bufe.

Vi forutsetter at Statsforvalterens landbruks- og reindriftsfaglig kompetanse involveres i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også være nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltningen i arbeidet.»

Bane NOR (brev dagsett 11.01.2024) uttalar følgende:

«Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 13.12.2023. De varslede verneområdene berører ikke jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.»

Norges vassdrags- og energidirektorat (brev dagsett 11.01.2024) uttalar følgende:

«NVE kan ikke se noen energiinteresser innenfor Høgeffjell, Tiurkollen, Bratterudskog (utv.), Nesfjellet, Fjellstufjellet (utv.), Sprena og Granasnekollen. NVE ber områdekonsesjonærer Telemark Nett, Lede AS, Stannum AS, Everket AS om å kommentere vernene med tanke på deres eksisterende og fremtidige prosjekter. Vi ber nettselskapene om å uttale seg, selv i tilfeller uten konflikt. Vi ber statsforvalter om å sende verneforslag på høring også til Telemark Nett, Everket AS og Vest-Telemark kraftlag AS. Lede står allerede på adresseliste til høringen.»

Lede (dagsett 16.01.2024) uttalar følgende:

«Av de 11 områdene det er varslet oppstart av verneprosess for, er det kun ett område som ligger i nærheten av eksisterende elektrisk anlegg som driftes av Lede. Dette området omtales i varselet som Rollagåsen i Tinn kommune.»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 17.01.2024) uttalar følgende:

«DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressurser og mineralvirksomhet. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for en langsiktig ressurstilgang basert på en forsvarlig og bærekraftig utvinning og bearbeiding av mineraler. Vi forvalter lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (mineralloven), og har i tillegg som sektormyndighet et særlig ansvar for at mineralressurser blir ivaretatt i vernesaker.

Høgefjell, Tiurkollen, Bratterud, Rollagåsen, Nesfjellet, Fjellstulfjellet, Mælestauljuvet, Bandaksliane og Bjørnøya i kommunene Nissedal, Skien, Tinn, Seljord, Notodden, Kviteseid og Larvik

DMF kan ikke se at det foreslåtte vernet kan få følger for registrerte forekomster av mineralske ressurser, bergrettigheter eller masseuttak i drift innenfor disse områdene. Her har vi derfor ingen merknader.»

Språkrådet (brev dagsett 22.01.2024) uttaler følgende:

«I SSR er skrivemåten Nesfjellet registrert som eineform. Namnet gjeld primært ein markant fjellrygg i den nordre delen av verneområdet. Det tykkjest vera tilrådeleg å la området få namnet Nesfjellet naturreservat. (Ein del av eit tidlegare verneområde med namnet Bjønnholun naturreservat kjem til å gå inn i det nye reservatet, men me skjønar det slik at den staden som primært ber namnet Bjønnholun, no kjem til å bli liggjande utanfor grensa til reservatet.)»

Naturvernforbundet i Øst-Telemark (brev dagsett 26.01.2024) uttaler følgende:

Naturvernforbundet har ingen kommentarer til dette området.

Forsvarsbygg (brev dagsett 31.01.2024) uttaler følgende:

«Vi viser til varsel om oppstart av verneprosess for 11 skogområder i Vestfold og Telemark. Det gjelder oppstart av verneprosess for områdene Høgefjell, Turkollen, Nesfjellet, Mælestauljuvet, Bjørnøya, Sprena, Granasneskollen og utvidelse av eksisterende naturreservat for Bratterudskog, Rollagåsen, Fjellstulfjellet og Bandaksliane. Forsvarsbygg gir høringssvar i denne type saker med det utgangspunkt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

Vi ser ingen konflikter med de foreslåtte områdene. Vi ber imidlertid om at det generelle unntaket for militær operativ virksomhet og unntaket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy inntas i forskriftstekstene for de nye områdene.»

STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjeld innspelet frå Språkrådet vil Statsforvaltaren kommentere følgjande: Namnet Nesfjellet er brukt på ein markant fjellrygg i den nordre delen av verneforslaget. Vi melde oppstart på namnet Nesfjell og Bjønneholun, men sidan Språkrådet påpeikte at staden Bjønneholun no blir liggjande utanfor grensa til reservatet, har vi teke det til etterretning og foreslått namnet Nesfjellet i den vidare verneprosessen.

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som er planlagt verna ikkje har støl/seterområde, men dersom det skulle vere aktuelt med beitedyr innanfor verneområdet er det tatt høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 § 6 og § 7.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentere at vi har teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

5. Verneplanen sitt omfang

Nesfjellet naturreservat har fått regional verneverdi (**). Tabellen under viser omfanget av verneplanen:

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Nesfjellet	Seljord	2	1893 daa	(**) regional

Totalareal: Nesfjell og Bjønneholun samla. Nesfjell: 941,7 daa. Bjønneholun: 1466,3 daa.

6. Faktaark

LOKALITET:	Nesfjellet naturreservat
KOMMUNE:	Seljord
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL, NESFJELL:	941,7 daa (1893 daa inkl. Bjønneholun)
HØGDE OVER HAVET:	Ca. 225-514 m.o.h.
EIGEDOMAR:	Gnr./bnr.: 15/3 og 16/3

Faktaarket for tilbudsområdet Nestjønn er skrive på *bokmål* frå kartleggarane sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål. Enkelte avsnitt er redigert noko for å avgrensa lange tekstar. Kartleggerane har kalla området for *Nestjønn*, medan Statsforvaltaren i høyringa nyttar namnet Nesfjellet på området.

Feltarbeid

Undersøkesområdet anses godt nok undersøkt for å kunne presentere den mest hensiktsmessige avgrensing av verneverdig areal innenfor tilbudsareal, og for å kunne foreta en rimelig sikker verdivurdering av området i henhold til gjeldende metodikk. Det var lite markboende sopp å finne.

Tidligere undersøkelser

Det er fra før avgrenset én naturtypelokalitet i området - BN00093098 - gammel boreal lauvskog (A-verdi) (Naturbase 2021). Det er avgrenset flere MiS-livsmiljøer/nøkkelbiotoper i området (NIBIO 2021). På Artskart er svartsoneskjuka (NT), hårkjuka (VU), osphevittkjuka (NT) og alm (VU) registrert fra før (Artskart 2021).

SKILDRING AV OMRÅDET

Topografi

Topografen i området er nokså variert og omfatter relativt bratte lisider, små dalganger, spredte flater og koller. Høydespennet strekker seg fra 225-515 moh.

Geologi

Berggrunnen består av granitt - granodioritt - granittisk og granodiorittisk gneis - udifferensiert, og løsmassene består i hovedsak av morenemateriale.

Vegetasjonsgeografi

Vegetasjonseksjon: O1-Svakt oseanisk, vegetasjonssone: sørboreal 100% (430 daa). Området ligger i sørboreal sone i svakt oseanisk vegetasjonseksjon - O1.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVIRKNING

Innenfor avgrenset område dominerer fattige vegetasjonstyper, men det forekommer også mindre arealer med rike vegetasjonstyper øst for Nestjønn, og ned mot Steindalen. I de rike partiene forekommer vekselvis svak lågurt- og lågurtvegetasjon med mer eller mindre basekrevende arter som trollbær, myskegras, hengeaks, markjordbær, hasselmoldmose og putevrिमose. På koller og forholdsvis grunnlendte arealer veksler vegetasjonen mellom bærlyng- og i mindre grad lyngvegetasjon, og i forsenkninger dominerer blåbærvegetasjon. Fattige til svakt intermediære myrflater og myr- og sumpskogsmark forekommer i

forsenkninger. Dominansen i tresjiktet veksler mellom furu og gran, men i arealene øst og sør for Nestjønn er det forholdsvis mye osp, stedvis dominerende. I tillegg forekommer en del bjørk, rogn, selje og gråor i mindre grad, og ask i liten grad i lavereliggende områder, samt noe svartor i søkk. Impediment og lav bonitet dominerer i området, men det forekommer også en del arealer med middels og høy bonitet i forsenkninger.

Gammel hogstmoden og overaldrig skog dominerer undersøkt område. Store deler av undersøkt område består av gammel gran- og barblandingsskog, stedvis i sammenbrudd med rikelige forekomster med død ved, men dødvedrike områder som ikke er avgrenset i kjerneområder har jevnt over noe svak kontinuitet. I kjerneområdene derimot er det, i varierende grad, forholdsvis bred spredning i nedbrytningsstadier av død ved av gran, og i kjerneområde 1 svært velutviklede ospekvaliteter. Her forekommer også forholdsvis mange gamle individer av osp (se kjerneområde 1 for detaljer). Skogen er på det jevne gammel, men sjelden særskilt gammel hvilket vitner om historisk bruk, men området bærer imidlertid ikke preg av inngrep i nyere tid.

VERNEINTERESSER

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Norsk Raudliste 2015 (som var gjeldande i 2019), frå Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua».

Det er avgrenset tre kjerneområder innanfor området, som inkluderer naturtypeutformingene gammel lavlandsgranskog, gammelt ospesholt og sørboreal blandingskog. To av disse har blitt vurdert som «viktig» (B-verdi), mens ett område har blitt vurdert som «svært viktig» (A-verdi).

Totalt ni rødlista artar (2 VU, 7 NT) er registrert i området. De fleste påviste artene er knyttet til skog med en viss kontinuitet. Foruten ask (VU) er hårkjuke *Funalia trogii* (VU) og ospeshvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT) påvist på osp, og rosenkjuke *Fomitopsis rosea* (NT) og gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) er vanlig forekommende på gran. I tillegg ble grønnsko *Buxbaumia viridis* (NT) og sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT) påvist flere steder, blanknål *Calicium denigratum* (NT) ble påvist på furugadd, og tovingen *Xlophagus kowarzii* (NT) ble tatt i fellefangst. Det er et forholdsvis høyt potensial for flere krevende arter knyttet til død ved av osp og gran. Stedvis er det også et visst potensial for markboende sopp på lågurtmark.

Området Nestjønn vurderes samlet som **regionalt verneverdig** (**).

Området Nestjønn oppnår *middels mangelloppfyllelse* som følge av over 30 daa gammel lavlandsgranskog i sørboreal sone som har middels udekket vernebehov i fylket. Området oppnår *middels mangelloppfyllelse* som følge av over 25 daa lavlandsskog, høybonitets-skog og biologisk gammel skog i sørboreal sone. Området Nestjønn oppnår samlet *middels mangelloppfyllelse*.



Grønnsko i Skaret.

Foto: John Gunnar Brynjulvsrud

NATURKVALITETER I BJØNNEHOLUN

For ordens skyld har vi valgt å legge til litt informasjon om verneverdiene fra Bjønneholun som blir med i det nye reservatet.

I den nye avgrensningen er det inkludert to kjerneområder fra Bjønneholun i tillegg til de tre fra Nestjønn.

Det er også registrert totalt 11 raudlista artar (Raudlista 2021), 8 NT, 1 VU og 2 EN.

Området domineres av eldre og gammel barskog. Funn av svært velutviklede ospesuksesjoner og rike blandingsskoger, begge med gamle trær og død ved (A-verdi). Området vurderes å være i øvre sjiktet av **lokalt viktig** (*).

Området Bjønneholun oppnår samlet *middels mangeloppfyllelse*.

Statsforvalterens vurdering er at områdene Nestjønn og Bjønneholun har **regional verdi** (**) samlet sett.

FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å verne eit skogområde som representerer ein bestemd type natur i form av gammel granskog, gammel boreal lauvskog og sørboreal blandingsskog i låglandet. Området har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av ei rekke sjeldne og truga artar av karplanter, lav, moser og sopp, og rik førekomst av død ved med høy kontinuitet.

ANDRE INTERESSER

Det er ikkje funne andre interesser. Om det skulle vere det håpar Statsforvaltaren at det kjem fram i høyringa.

TEKNISKE INNGREP

Det er ingen tekniske inngrep innanfor vernegrensa.

PLANSTATUS

Arealet ligg i område satt av til LNFR- (landbruks- natur- og friluftsområde) formål i kommuneplanens arealdel.

MERKNADER

Ingen merknadar.

FORVALTNINGSMYNDIGHET

Forvaltningsstyresmakta blir fastsett gjennom verneforskrifta ved vernevedtak.

Forvaltningsstyresmakta er i dei fleste verneområder lagt til Statsforvaltaren, men dersom kommunen ønsker delegert forvaltningsmyndighet for verneområder i sin kommune kan de få det. Det stillast visse krav til slik delegering:

- Verneområdet ligg i sin heilhet innanfor kommunen sine grenser.
- Kommunen har tilstrekkelig kapasitet og kompetanse til å forvalte området.
- Dersom kommuner som ikkje tidligare har hatt forvaltingsmynde for verneområder ønskjer å bli forvaltningsmyndighet må dei takke ja til alle verneområde i kommunen. Kommunen får ikkje forvaltingsmynde for Ramsarområder eller områder som forvaltast av nasjonalpark-/verneområdestyrer.
- Ansvarer som forvaltningsmynde innebærer at kommunen sjølv må avsette nødvendige ressursar til administrasjon og sakshandsaming.
- Kommunen kan søkje om økonomiske midlar til skjøtsel og andre forvaltningstiltak for å ta vare på naturverdiane i verneområda, innanfor dei rammer som kvart år blir fastsett av Stortinget.

Dersom kommunen ønskjer forvaltningsmynde for foreslått naturreservat og andre aktuelle verneområder i eigen kommune, ber vi difor om tilbakemelding på dette innan høyringsfristen. Får vi ikkje tilbakemelding, legges det til grunn at kommunen ikkje ønskjer å overta forvaltinga av områda.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen viser skogbruksopplysningar for tilbodsområdet (alle eigedomar samla).

Namn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
	daa	H	M	L	Sum	Myr	Snaufjell	Vatn	Imp.	m ³	m ³
Nesfjellet NR	945	22	270	584	876	23	-	1	45	171	-

Skogbruksopplysningane er levert av AT Skog. Tala kan ha endra seg noko i løpet av prosessen fram mot høyring etter som noko areal er teke inn/ut enkelte stader sidan tilbodet kom inn til Statsforvaltaren. Tala kan avvike noko i forhold til Statsforvaltarens tal, som nyttar sone 32 i berekninga. AT Skog brukar sone 33.

LITTERATUR

Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Nestjønn, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.

7. Framlegg til verneforskrift

Kommentarar til forskrifta

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning.

Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar.

Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7 bokstav g.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav b til rydding og vedlikehald av nye stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding.

Frilufsloven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje frilufslovens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

Forslag til forskrift om vern av Nesfjellet naturreservat i Seljord kommune i Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit skogområde som representerer ein bestemd type natur i form av gammal granskog, gammal boreal lauvskog og sørboreal blandingskog i låglandet.

Området har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av ei rekke sjeldne og truga artar av karplanter, lav, moser og sopp, og rik førekomst av død ved med høy kontinuitet.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Seljord kommune: 15/3 og 16/3
Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1893 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet20xx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Seljord kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. beiting

- e. vedlikehald av eksisterande sti og traktorveg vist på vernekartet i samsvar med standard på vernetidspunktet
- f. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. utsetting av saltstein
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt
- i. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land [*og i vatn*] er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande traktorveg og stiar.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, [*og med traktor og ATV på traktorveg vist i vernekartet*]
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt storvilt med andre kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nemnd i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. hogst av etablerte plantefelt
- g. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 bokstav d
- h. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- i. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og g, og § 7 bokstav a, b, d og f.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12. (iverksetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift [tittel] oppheva.